



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Handlingsprogram for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane 2012-2015



Foto: InfoSa, Stryn

Innhold

1. Rolle og funksjon:	3
2. Kven er eldre?.....	4
3. Dei eldre som ressurs	4
3.1 Eldrerådet vil:	4
4. Eldreråd	5
4.1 Eldrerådet si rolle	5
4.2 Eldrerådet ønskjer:	6
5. Bustader og offentlege bygg	7
5.1 Eldrerådet vil:	7
6. Samferdsle	8
6.1 Eldrerådet vil:	8
7. Helse og omsorg	9
7.1 Folkehelse:.....	9
7.2 Tannhelse:	10
8. Fritid, kultur og sosiale relasjonar	10
9. Valdeltaking: Offentlege ombod og verv	11
10. Informasjon og kommunikasjon.....	12
10.1 Eldrerådet vil:	12
10.2 FN sine prinsipp for eldre i verda	12
Vedlegg 1 Reglement for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane	15
Vedlegg 2 Rundskriv om kommunale og fylkeskommunale eldreråd.....	18

Bilete på framsida: Stavgangskurs i Dale juni 2013. Den faste trimgruppa testar den nye Elvestien frå sentrum og opp til Jarstad brua. Den flotte stien er eit kjækomen tilbod til både yngre og eldre i bygda.

1. Rolle og funksjon:

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Fylkesrådet for eldre skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekår for eldre. Rådet kan også på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnder o.a., vart følgjande valt for perioden 2011 – 2015:

Eivind Skjerven, leiar
Rønnaug Holmøy, nestleiar
Harald Ekroll
Kristoffer Skjolden
Anita Nybø
Rådgjevar og fylkessekretær: Britt Marie Norheim

- varamedlem er Grete Eltvik
- varamedlem er Anna Sofie Skaar
- varamedlem er Arne Rognaldsen
- varamedlem er Astrid Martinsen
- varamedlem er Claus Kvamme



Fylkeseldrerådet saman med sekretær. Bak frå venstre; Harald Ekroll, Anita Nybø, Britt Marie Norheim og Kristoffer Skjolden. Framme frå venstre; Rønnaug Holmøy og Eivind Skjerven. Foto: InFoSa – Stryn

Arbeidet med dette handlingsprogrammet starta opp kring årsskifte 2012-13 og lagt ut på nettsida til Sogn og Fjordane fylkes-kommune under «Folkevald styring» tema Fylkeseldrerådet for eldre i juni 2013.

Andre prioriterte oppgåver har gjort sitt til at programmet først er ferdig ultimo november 2013 med bilete. På senior-konferansen på Skei Hotell 14. 11.13 vart mange tema i programmet presentert for dei kommunale eldreråda.



I arbeidet med Handlingsprogrammet var sekretær Britt Marie Nordheim primus motor fram til ho gjekk over i dei pensjonerte sine rekker i juni 2013. Ho er her flankert av Kristoffer Skjolden t.v. og leiar Eivind Skjerven som har følgd opp arbeidet. Foto: Sogn Avis

2. Kven er eldre?

Verdens helseorganisasjon definerer alle over 65 år som eldre. Definisjon av eldre er likevel avhengig av «augene som ser».

Framskrivinga viser at det framover vil bli ei større gruppe av eldre menneske i samfunnet. Det vil difor bli stilt større krav til tilgjenge og tilrettelegging slik at eldre kan leva eit godt liv, både privat, jobb og med ei god og meningsfull fritid.



Vikane Seniordans har oppvisning i gamle Innvik Ullvarefabrikk.
Foto: InFoSa - Stryn

3. Dei eldre som ressurs

Eldre har unik erfaring og kompetanse etter eit langt liv. Denne kunnskapen er det viktig å overføra til den yngre generasjonen gjennom deltaking i barnehagar, skular, frivillig arbeid m.m.

Fleire eldre vil ha god kapasitet og kunne ta på seg oppgåver som dei sjølv meiner dei er kompetente til, innan frivillig arbeid, som besteforeldre og som ressurs i mange sosiale samanhengar.

3.1 Eldrerådet vil:

- At det vert lagt til rette for at dei eldre kan delta/hjelpe til på område dei har
- kompetanse, innan ulike aktivitetar
- At dei kan bli brukt som lyttevenn i grunnskulen.
- At dei eldre deltek i frivillig arbeid.
- At dei eldre i større grad vert brukt som ein ressurs i skule og barnehage.

4. Eldreråd

Fylkeskommunale og kommunale eldreråd er lovpålagt gjennom Lov om eldreråd i fylkeskommunar og kommunar av 8. november 1991. Lova blei sist endra 15. juni 2007, sjå vedlegg 1 – Lov om eldreråd i fylkeskommunar og kommunar.

4.1 Eldrerådet si rolle

Arbeidsdepartementet ga etter endringar av lova om eldreråd, ut rundskriv A-32/2007 Om kommunale og fylkeskommunale eldreråd. Rundskrivet er ei orientering om korleis departementet ønskjer at lova bør praktiserast.

I innleiinga til rundskrivet står det i avsnitt 2:

«Formålet med lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd er å sikra eldre innverknad i saker som gjeld levekåra for eldre. Eldreråda er eit rådgjevande organ»

Rundskrivet seier vidare om sakshandsaminga i §§ 3 og 7:

«Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret/fylkestinget skal handsama dei. Det same vil gjelda for saksdokument der eit anna folkevalt organ har kompetanse til å avgjere sakene.

For å sikra eldre større innverknad i saker som vedkjem dei, er det viktig at kommunane/ fylkeskommunane legg sakene fram for eldrerådet på eit tidspunkt i sakshandsaminga der rådet har høve til å påverke sakene. Det følgjer av dette at kommunen/fylkeskommunen må rekna med saksførebuing og sakshandsaming i eldrerådet når den skal fastsetja tidspunkt for når saker skal handsamast i kommunestyret/fylkestinget.»

Vidare står det:

«Kommunestyret/fylkestinget har ei plikt til å leggja alle saker som gjeld levekåra for eldre fram for eldrerådet. Rådet kan og sjølv ta opp andre saker som vedkjem eldre i kommunen/fylkeskommunen, men lova gjev ikkje eldrerådet høve til å krevja at kommunestyret/fylkestinget handsamar sakene vidare.

Hovudføremålet med lova er at eldrerådet skal handsama ymse overordna planar og vedtak. Eldrerådet er ikkje tiltenkt å skulle handsama saker som gjeld einskildpersonar. Dette vil rådet ofte heller ikkje ha høve til etter anna lovgjeving. Døme på sakstypar som skal leggjast fram for rådet er årsbudsjett, langtidsbudsjett og kommune og fylkeskommunale planar, tiltak og planar i helse og sosialsektoren, bustadprogram, reguleringsplanar, samferdslesaker, kommunikasjonsplanar og kulturelle tiltak.

Kommunen og fylkeskommunen bør på eigna måte trekkje inn eldrerådet i arbeidet med kommunale og fylkeskommunal planlegging etter plan og bygningslova. Kommunen/fylkeskommunen bør vurdere korleis dette best kan gjerast når dei organiserer kommunalplanarbeidet etter § 20-2 og fylkesplanarbeidet etter § 19-3. Eldreråd har elles inga samarbeidsplikt med kommunen etter § 9-3 slik ein del andre organ kan ha. Tilsvarande har fylkeskommunale råd inga plikt etter 12-3.

Sekretærhjelp:

Kommunane/fylkeskommunane har etter lova plikt til å leggja tilhøva praktisk til rette for at eldreråda skal kunne koma med tilråding før det blir teke viktige avgjerder som vedkjem dei eldre i kommunen /fylkeskommunen. Det følgjer av dette at kommunen/fylkeskommunen skal syte for sekretariathjelp av eit slikt omfang at eldrerådet kan gjennomføra dei oppgåvene lova legg til dei. Det er i forarbeida til lova rekna med at arbeidet vil vera av eit omfang som vil krevja ein tredels stilling.

Verksemda til eldrerådet gjeld alle sektorane i kommunen/fylkeskommunen. Det er difor ønskjeleg at det blir teke omsyn til dette ved plasseringa av sekretariatet. Sekretariatet er ein del av den samla kommunale/fylkeskommunale administrasjon og er underlagt administrasjonssjefen innanfor dei rammer kommunestyre/fylkestinget fastset, jfr kommunelova § 23 nr 1.»

4.2 Eldrerådet ønskjer:

- Eldrerådet må få møte-, tale og forslagsrett i kommunale/fylkeskommunale vedtaksorgan.
- Ein representant frå fylkestinget/kommunestyret skal sitja i eldrerådet.
- Det må vera god kommunikasjon med politisk leiing, administrasjonen og råda.
- Råda må ha ein fast sekretær frå kommunen/fylkeskommunen sin administrasjon.



Styret på utprøvingkurs i universell utforming i regi av DELTA i Bergen.
Foto: InFoSa - Stryn

5. Bustader og offentlege bygg

Mange bustader og offentlege bygg i Sogn og Fjordane er bygde før det vart vanleg å tilrettelegge for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Dei er heller ikkje i ettertid blitt tilrettelagt. Det vil derfor vere viktig å få oppgradert desse bygningane til å bli så nær opp til gjeldane standard som mogeleg.

I Sogn og Fjordane er det vanleg at ein bur i eigen bustad. Det er viktig at det vert lagt til rette for at dei som ønskjer det kan bo lengst mogeleg i sin eigen heim. Når ein vel bustad bør ein ta omsyn til at ein skal bu der heile livet. Ofte vil det tilseie at bustaden må vere lettstelt, oversiktleg og enkel å bevege seg i.

Mange kommunar har ergoterapeut som kan vere til hjelp med framlegg om korleis ein kan legge til rette bustaden, slik at ein kan bu der lengst mogeleg. I tillegg kan Hjelpemiddelsentralen vere til hjelp med råd og rettleiing.

Kommunen har også ansvaret for å informere om ordningane. Denne informasjonen må dei gi på ein slik måte at den er lett forståeleg for alle.

Trongen for fleire sjukeheims plassar vil kome i takt med at vi vert fleire eldre. Difor vil det vere viktig å ha nok av sjukeheims plassar og omsorgsbustadar. Mange offentlege bygg i Sogn og Fjordane er ikkje tilrettelagt for personar med funksjonsnedsetjing eller personar som er svake på grunn av alder. Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova har krav til tilgjenge i offentlege bygg, og plan – og bygningslova i høve til rehabilitering av eldre bygg. Det er det offentlege sitt ansvar å fylle opp lova sin intensjon.

5.1 Eldrerådet vil:

- At dei eldre som vil det, får bu i sin eigen bustad lengst mogeleg.
- At omsorgsbustadane er universelt utforma.
- At sjukeheimar er godt tilrettelagt med enkeltrom til alle som vil ha det.
- At sjukeheimar er godt tilrettelagt for ektepar som framleis vil bu saman.
- At sjukeheimar er godt tilrettelagt for personar med demens.
- At aktuelle aktørar som Husbanken, kommunane og eldreråda samarbeidar om informasjon vedkomande ordningar for ombygging av bustader for eldre.
- At kommunen og eldrerådet saman ser på moglegheiter for å få til ei betre rettleiing for ombygging av bustader for eldre.
- At eldreråda skal arbeide for at kommunen i regulerings- og utbyggingsplanar tek omsyn til at alle kan bruke området uavhengig av funksjonsevne.
- At eldreråda tek initiativ til at kommunen regulerer for sentrumsnære bustader for eldre.

6. Samferdsle

Sogn og Fjordane er eit stort fylke med lange avstandar. Mange har førarkort og eigen bil, som ofte er ein forutsetning for å ha sosial kontakt, føreta turvande innkjøp og kome seg til offentlege tilbød. For mange eldre er det viktig å kunne køyre bil så lenge som mogeleg. Fleire køyreskular har tilbød om spesielle oppfriskingskurs, kalla Bilførar 65+, som kan gjere til at fleire kan ha førarkort lenger.

Samstundes er det like viktig med god offentlig transport. Eit godt utbygt transportnett med gode transportmidlar, med gode samband og gode, trygge haldeplassar/terminalar, er difor heilt turvande. Serviceskyssen er eit viktig bidrag i mange kommunar. Transporttenesta for funksjonshemma(TT) som ikkje kan nytte andre transporttilbød er viktig. Ordninga med følgjekort er ei viktig ordning for dei som må ha følgje for å kunne ta del i kulturelle tilbød og på den måten sleppe å betale ekstra for følgje på buss, tog og til billett på aktivitetar. Følgjekorta vert utferda av den enkelte kommune etter framlagd helseattest på at det er turvande med følgje. Beviset er gratis.



Bebuarar frå Stryn Omsorgssenter på tur med Moods of Norway-bussen. Foto: InFoSa - Stryn

6.1 Eldrerådet vil:

- At ordninga med honnørbillettar på offentlege transportmidlar vert oppretthalde.
- At det vert utvikla gode og tilrettelagde transportmoglegheiter for eldre.
- At vegar og gangvegar er om vinteren godt brøyta og strødde og elles godt opplyst, spesielt der det er gangfelt. Det er og viktig at det vert plassert benkar/kvileplassar ved gangvegane.
- At det vert tilbød om rimelege kurs for bilførarar over 65 år, som ønskjer å gjennomføre oppfriskningskurs.
- At følgjekortordninga vert fullt innført i fylket.
- At serviceskyssen skal utvidast (vera eit tilbød) til alle kommunane i fylket.
- At utbygging av gang og - sykkelvegar, i større grad vert prioritert.

7. Helse og omsorg

Kunnskap om eldre si helse er viktig når vi skal utvikle gode og målretta helsetenester. Særleg viktig er det at både sjukehusa og kommunane har tilgang på helsepersonell med god geriatrisk kompetanse. Sjukdomsbilete hos eldre kan vera uoversiktleg, då det kan vera fleire sjukdomar som samla sett gjer plager og ubehag. Det er viktig å styrke tilbodet innan alderspsykiatriske tenester der aldersdemens med åtferdsmessige og psykiske tilleggssymptom kan handsamast. Dagsenter for demente må også vera eit prioritert område.

Kommunehelsetenesta:

Det er viktig at det er ei stabil og trygg helseteneste, slik at den enkelte kan føle seg trygg på at han/ho får hjelp når ein treng det. Fastlegeordninga skal vere ein grei måte å organisere legetenesta på, då det skaper god kontakt mellom lækjar og pasient. Men i enkelte distrikt kan det vere stor utskifting av lækjar og dette er sjølvstundt uheldig for pasientane. Kommunikasjon med pasientane må føregå på ein tydeleg og forståeleg måte. Medisinsk rehabilitering må styrkast, slik at pasientar etter sjukehusopphald og operasjonar vert sikra mest mogleg sjølvstende og sjølvhjelp. Kommunane må syte for at det vert innført faste samarbeidsrutinar i heile behandlingsskjeda. Etter kvart bør rehabilitering få ei sterkare plattform i heimetenesta. Kommunane må få tildelt øyremerka midlar til styrking/oppfølging av samhandlingsreforma.

Spesialisthelsetenesta:

Det er viktig at spesialisthelsetenesta vert organisert slik at sjuketransport ikkje påfører pasientar stor belastning.

7.1 Folkehelse:

Folkehelse er summen av kvar enkelt menneske si helse. Det må leggest til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa. Kommunane har ein sentral rolle med å legge til rette for fysisk aktivitet og gode sosiale møteplassar. Eit sunt kosthald er og eit viktig moment i folkehelseperspektiv. Målet må vera at det er ein folkehelsekoordinator i kvar kommune. Prosjektet Trygge eldre må bli eit viktig tiltak i kommunane.



Spreke seniorar på langt løp saman med teatersjefen under 250-årsjubileet til fylket. Foto: Olav Hellen



Frå trimmen på dagtilbodet til Stryn omsorgssenter. Foto: InFoSa - Stryn

7.2 Tannhelse:

Eigne tenner kan fort forfalle viss ikkje tann- og munnhygienen blir i varetatt. Tannhelsetenesta skal legge til rette for at pasienten sjølv, eller ved hjelp av andre personar, framleis kan ta ansvar for eiga tannhelse. Årleg tilsyn av tennene er viktig. Tannhelsetenesta må kontakte leiarar ved heimesjukepleien og institusjonane for å avtale eit formelt samarbeidsmøte.

Eldrerådet vil:

- At det må leggjast til rette for at eldre kan bruke naturen
- At det må leggjast til rette for tid til eldre på treningsstudio og i symjehallar
- At gangvegar blir strødd og måka om vinteren
- At tannhelseordninga skal kome under frikortordning for eldre over 70 år

8. Fritid, kultur og sosiale relasjonar

Fleire eldre kan bli meir isolerte i alderdomen, det sosiale nettverk blir mindre og helsa kan bli avgjerande om dei får til eit aktivt sosialt liv. Deltaking i det sosiale rom er viktig for å kunne halde seg både fysisk og psykisk frisk.

Kommunane og andre kan gjere sitt til å skape arenaer for sosialt samkvem.

Frivilligsentralar gjer fleire stader ein viktig jobb. Det er også viktig med transportordningar som gjer at eldre som ikkje kan køyre eigen bil også får høve til å ta del i felles aktivitetar. Eit viktig tiltak er ordninga med følgjekort .

Følgjekort vert gjeve til dei som ikkje greier seg sjølv. Følgjekort gjeld også på offentleg transport som er nemnt under samferdsel. Det er kommunen som godkjenner og skriv ut følgjekort.

Helse- og kulturdepartementet har ei ordning kalla «Den kulturelle spaserstokken». Kommunane bør bli oppmoda om å søkje om tilskot til ulike kulturopplevingar. Fysisk aktivitet er viktig for at dei eldre kan ha ein god alderdom. Kommunen må legge til rette for lågterskeltilbod, både for heimebuande eldre og eldre i institusjon. Fleire organisasjonar som turlag og idrettslag har tilbod som er tilpassa seniorar på ulike aktivitetsnivå. Mange eldre kan ha nytte og glede av slike tilbod som for andre kan verka for krevjande. Også eldre har ein meistringstrong som er viktig å stimulere.



Løypegeneral Arvid Hatledal på inspeksjonstur på løypenettet mellom Ullsheim og Stryn Skisenter. Løypenettet er på 30 km sommarstid - og heile 55 km vinterstid. Foto: InFoSa – Stryn

Eldrerådet vil:

- At følgjekort blir akseptert på alle kulturarrangement i fylket
- At det blir organisert med «eldretimar» i treningsstudio og symjehallar med tilpassa temperatur
- At kommunane styrkar tilrettelegging/bygging av aktivitetssenter for eldre der universell utforming er retningsgjevande
- At det blir tilrettelagt med gode løyper i naturen der det er gode parkeringsplassar
- At kommunen arrangerer tiltak i regi av «Den kulturelle spaserstokken»

9. Valdeltaking: Offentlege ombod og verv

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane Eldre er med si røynsle og sin totale praktiske kompetanse ein styrke for det politiske arbeid i den einsskilte kommune. Difor er det viktig at også eldre engasjerer seg i det politiske liv. Eldrerådet vil:

- At dei eldre får meir politisk innverknad
- At eldre blir nominert på listene ved val
- At eldre engasjerer seg i politisk arbeid og brukar stemmeretten sin

10. Informasjon og kommunikasjon

Fleire offentlege tenester er digitalisert. Mange av dei tenestene ein tidlegare fekk utført ved sjølv å gå i bank, post eller på offentlege kontor, må ein i dag føreta på digitale system. For mange eldre er det ei stor utfordring å bruke PC og digitale verkty. Kommunale eldreråd kan saman med frivilligheitsentralen, folkebiblioteket og frivilljuge organisasjonar legge til rette for at eldre, som ønskjer det, får den opplæringa som er turvande for sjølv å kunne ivareta dei tenester dei har trong for.

10.1 Eldrerådet vil:

- At eldre får opplæring i bruk av PC og nettbank.
- At det blir lett tilgjenge til informasjon på nett.
- At nettsider er universelt utforma.
- At aktivitetssentra har tilbod om dataopplæring.
- At kommunar og fylkeskommunen tek omsyn til at ikkje alle har tilgang til informasjon på nettet.

10.2 FN sine prinsipp for eldre i verda

FN sin generalforsamling vedtok i desember 1991 prinsipp for eldre i verda under mottoet:

«Å legge liv til de årene som har blitt lagt til livet»

Prinsippa bygger på følgjande element:

- Uavhengigheit
- Deltaking
- Omsorg
- Sjølvaktiviserande
- Verdigheit



Dans og allsong er noko bebuarar på eldresenter veit å setje pris på. Foto: InFoSa – Stryn

Uavhengigheit:

Eldre skal:

- Ha tilgang til tilstrekkeleg med mat, vatn, husvære, kle og helsetenester gjennom inntekt, familie, sjølvhjelp og offentlege tiltak.
- Ha høve til å arbeide eller ha tilgang til andre inntekter.
- Ha mogelegheit for å delta i avgjerdsla om, når og på kva måte ein skal trekkje seg attende og tre ut av arbeidslivet.
- Ha tilgang til å ta del i utdanning og kursverksemd.
- Ha mogelegheit for å leva i omgjevnader som er trygge og tilpassa personlege behov til ein kvar tid.

- Ha høve til å bu heime så lenge som mogeleg.

Deltaking:

Eldre skal:

- Forbli integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskarar, ferdigheitar og erfaringar med yngre generasjonar.
- Ha høve til å sjå på moglegheiter til å yta frivillig hjelp på områder eldre har interesse for og er skikka til.
- Ha moglegheit for å opprette foreiningar og organisasjonar for eldre.



Fjelljom spelemannslag spelar opp til dans på Stryn omsorgssenter. Foto: InFoSa – Stryn

Omsorg:

Eldre skal:

- Få støtte frå familien og samfunnet ved behov for omsorg og vern i samband med det einskilde samfunnssystem og kulturelle verdiar.
- Ha tilgang til helsetenester som hjelp til å oppretthalda eller gjenvinna fysisk, psykisk og sjeleleg velvære og førebyggje eller utsetje sjukdom.
- Ha tilgang til sosiale og lovmessige tenester som tek i vare sjølvstende, tryggleik og omsorg.

- Ha moglegheit for å utnytte tilfredstillande nivå på institusjonsomsorg som tilbyr tryggleik, rehabilitering og sosial og mental stimulering i eit menneskeleg og trygt miljø.
- Ha moglegheit for å verta omfatta av menneskerettar og grunnleggjande fridom når dei bur i institusjon, tek i mot annan form for omsorg eller får behandling, - inkludert full respekt til å ta avgjerd om eiga omsorg og kvaliteten av eige liv.

Sjølvaktiviserande:

Eldre skal:

- Ha moglegheit for å utvikle sitt eige potensiale.
- Ha tilgang til å delta i utdanning, kulturelle, åndelege og rekreasjonsretta tilbod.



Gladtrim på Hinna dagsenter i Stavanger. Foto: InFoSa – Stryn

Verdigheit:

Eldre skal:

- Ha moglegheit for å leva i verdigheit og tryggleik, utan å bli utnytta eller utsett for fysiske eller mentale overgrep, bli behandla rettferdig uavhengig av alder, kjønn, rase eller etnisk bakgrunn, funksjonshemming eller annan situasjon, og bli verdsett uavhengig av sin økonomiske situasjon.

Vedlegg 1

Reglement for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane

Reglement for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane

Vedteke av fylkesutvalet i sak nr 236/92 med heimel i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8.11.1991, nr 76.

§ 1 Val og samansetnad

- Eldrerådet skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer.
- Valretten ligg til fylkesutvalet. - Fleirtalet av rådsmedlemene skal vere alderspensjonistar i fylket.
- Rådet vel sjølv leier og nestleiar blant alderspensjonistane.
- Fylkespensjonistforeiningar har rett til å kome med framlegg om medlemmer.
- Funksjonstida følgjer den fylkeskommunale valperioden.

§ 2 Oppgåver

- Eldrerådet er eit rådgivande organ for fylkeskommunen.
- Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.
- Eldrerådet skal i alle høve ha følgjande saker til handsaming: Årsbudsjett, langtidsbudsjett, fylkesplan, og elles sektorplanar som har særleg interesse for eldre.
- Plikta til medverknad vil såleis gjelde tiltak og planar i sosial- og helsesektoren, samferdslesektoren og kommunikasjonsplanar, kulturtiltak og andre fylkeskommunale tiltak som vedkjem eldre.

- Eldreråder kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.

§ 3 Møta

- a) Rådet held møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemene ber om det.
- b) Innkalling skal skje med minst seks dagars varsel. Saksdokumenta skal vanlegvis sendast ut saman med innkallinga.
- c) Rådet kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er til stades. Står røystene likt, er møteleiaren si røyst avgjerande.
- d) Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfella sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre eller råd, må eldrerådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkomande organ handsamar saka. Målsetjinga er at eldrerådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaminga i hovudutvalet.
- e) Det skal førast møtebok frå møta. Utskrift av møteboka skal sendast medlemene, varamedlemene og fylkesrådmannen. Protokollen skal følgje saksdokumenta til folkevalde organ som tek endeleg avgjerd i saka.
- f) For øvrig gjeld reglane i lov om kommunar og fylkeskommunar for rådet.

§ 4 Økonomi

- Rådet disponerer eige budsjett til dekking av møte- og reiseutgifter og andre driftsutgifter.

- Medlemene skal ha godtgjering for arbeide i rådet i samsvar med Regulativ for folkevalde.

- Reise- og opphaldsutgifter vert dekkja etter det kommunale reiseregulativet.

§ 5 Sekretariat

- Fylkeskommunen held sekretariat for rådet, eventuelt som felles sekretariat med andre råd.

§ 6 Årsmelding

- Rådet utarbeider kvart år ei årsmelding om aktiviteten sin. Meldinga skal leggjast fram for fylkestinget.

Vedlegg 2

**Rundskriv frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet
– om kommunale og fylkeskommunale eldreråd**



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Rundskriv

Kommunane
Fylkeskommunane
Fylkesmennene

Nr.
A-32/2007

Vår ref

Dato
06.09.2007

Rundskriv om kommunale og fylkeskommunale eldreråd

Innleiing	1
Rettleiande merknader.....	3
1. Skiping av eldreråd.....	3
1.1. Plikt til å opprette eldreråd.....	3
1.2. Eldreråd for geografisk avgrensa område	3
2. Val og samansetjing av eldreråd.....	4
2.1. Talet på rådsmedlemmer.....	4
2.2. Forslag om medlemmer	5
2.3. Krav til samansetjinga	5
2.4. Val av leiar og nestleiar	5
3. Oppgåvene for eldrerådet	6
3.1. Rådgjevande organ	6
3.2. Sakene skal leggjast fram i god tid	7
3.3. Saker som skal leggjast fram for rådet.....	7
3.4. Møtebok.....	7
4. Andre føresegner	8
4.1. Sekretariathjelp og budsjett	8
4.2. Aktuelle reglar i kommunelova	9
4.3. Årsmelding	9
5. Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.....	9
6. Andre relevante sakshandsamingsreglar	10
6.1. Opent rådsmøte.....	10
6.2. Forvaltningslova	10
6.3. Offentleglova	11
6.4. Plan- og bygningslova	11

INNLEIING

Formålet med dette rundskrivet er å gje ei orientering om reglane som gjeld for verksemda i eldreråda etter lov 8. november 1991 nr. 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd. Rundskrivet avløysar tidlegare rundskriv I-26/98.

Formålet med lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd er å sikre eldre innverknad i saker som gjeld levekåra for eldre. Eldreråd er eit rådgjevande organ.

Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. vart vedteke av Stortinget 17. juni 2005. Etter denne lova skal alle kommunane og fylkeskommunane ha eit råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. Lova trer i kraft 10. september 2007. Rundskriv A-28/07 gjev rettleiing til lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne.

Eldreråda og felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er kommunale/fylkeskommunale organ. Reglane i kommunelova gjeld verksemda i råda, så langt ikkje anna går fram av lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, jf. kommunelova § 2. Viktig for verksemda i eldreråda er særleg reglane i kommunelova kap. 6 om sakshandsamingsreglar i folkevalde organ og reglane i kap. 7 om rettar og plikter for dei folkevalde.

Eldreråda og felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er forvaltningsorgan etter forvaltningslova. Reglane i forvaltningslova gjeld verksemda i råda så langt ikkje anna følgjer av lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, lova om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m., eller kommunelova.

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd er av 8. november 1991 nr. 76. Forarbeida til lova er Ot. prp. nr. 68 (1990-91) og Innst. O. nr. 4 (1991-92). Lova vart endra med lov 11. juni 1993 nr. 85 og lov 17. juni 2005 nr. 58.

Dette rundskrivet er også lagt ut på departementet sine nettsider på www.regjeringa.no.

RETTLEIANDE MERKNADER

1. SKIPING AV ELDRERÅD

§ 1. (Skiping av kommunale eldreråd)

I kvar kommune skal det vere eit eldreråd som skal veljast av kommunestyret for valperioden.

Departementet kan gjere unntak frå regelen i første leden når kommunen vil ha eldreråd for geografisk avgrensa område innan kommunen. I kommunar der oppgåvene som gjeld eldre er overført til kommunedelsutval, skal det vere eldreråd i alle kommunedelar. For slike eldreråd ivaretek kommunedelsutvala dei rettar og plikter som etter denne lov er lagt til kommunestyret. Eldreråd for geografisk avgrensa område skal ha same arbeidsområde som omhandla i § 3. I slike høve skal det og veljast eit sentralt eldreråd.

§ 5. (Skiping av fylkeskommunale eldreråd)

I kvar fylkeskommune skal det vere eit eldreråd som skal veljast av fylkestinget for valperioden.

1.1. Plikt til å opprette eldreråd

§ 1 første ledd og § 5

Kommunen og fylkeskommunen har plikt til å opprette eldreråd. Eldrerådet skal veljast av kommunestyret og fylkestinget og blir valt for den kommunale/fylkeskommunale valperioden.

1.2. Eldreråd for geografisk avgrensa område

§ 1 andre ledd

Departementet kan godkjenne at ein kommune oppretter eldreråd for geografisk avgrensa område innan kommunen. Dette kan vere aktuelt for kommunar med geografisk avgrensa lokale vedtaksorgan som til dømes storkommunane. Det skal i slike tilfelle òg opprettast eit sentralt eldreråd for heile kommunen.

Der det er oppretta kommunedelsutval etter § 12 i kommunelova og ansvaret for saker som gjeld eldre er overførte til desse, skal det vere eldreråd i alle bydelar. Det kan ikkje gjerast unntak frå dette. Råda skal då veljast av kommunedelsutvala.

Kommunedelsutvala ivaretek dei same oppgåver og plikter for kommunedelseldreråd som etter lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd er lagt til kommunestyret.

Eldreråd for geografisk avgrensa område eller kommunedelseldreråd, vil ha det same arbeidsområdet som eldreråd som ikkje er geografisk avgrensa.

2. VAL OG SAMANSETJING AV ELDRERÅD

§ 2. (Val og samansetjing av kommunale eldreråd)

Kommunestyret avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 gjeld ikkje ved val av eldreråd.

Pensjonistforeiningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar i kommunen.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

§ 6. (Val og samansetjing av fylkeskommunale eldreråd)

Fylkestinget avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 gjeld ikkje ved val av eldreråd.

Fylkespensjonistforeiningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vera alderspensjonistar frå fylket.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

2.1. Talet på rådsmedlemmer

§ 2 første ledd og § 6 første ledd

Det er kommunestyret/fylkestinget som oppnemner medlemmer til eldrerådet.

Rådsmedlemmer som er tilsette i kommuneadministrasjonen og som arbeider innan saksområde som er sentrale for rådet, vil ofte kunne bli inhabile. Departementet vil derfor ikkje råde til at representantar for kommuneadministrasjonen blir oppnemnte som rådsmedlemmer. Drøfting av saker og kontakt og samarbeid elles bør heller skje i forbindelse med administrasjonens ansvar for saksførebuing og informasjon til rådet.

Oppnemninga skal gjelde for valperioden. Medlem av rådet kan søkje om fritak frå vervet før funksjonstida er ute når vedkommande ikkje *“uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjotte sine plikter i vervet”*, jf. kommunelova § 15 nr. 2. Fritaksgrunn kan til dømes vere dårleg eller svak helse.

Kommunestyret/fylkestinget fastset talet på medlemmer i eldrerådet. Råda bør ikkje vere for store. Departementet rår til at både eldrerådet og pensjonistforeiningar i kommunen/fylkeskommunen får høve til å uttale seg når talet på rådsmedlemmer skal fastsetjast. Det er ein føresetnad i kommunelova § 10 nr. 3 at det òg skal veljast varamedlemmer til rådet.

Reglane om høvetalsval i kommunelova §§ 36 og 37 gjeld ikkje ved val av eldreråd. Kvart kjønn skal vere representert med minst 40 prosent dersom det er fleire enn fire medlemmer, jf. kommunelova § 36 nr. 2.

2.2. Forslag om medlemmer

§ 2 andre ledd og 6 andre ledd

Foreiningar som har rett til å foreslå medlemmer til eldrerådet er pensjonistforeiningar, lag og samarbeidsutval som er representativ for dei pensjonistgruppene dei skal representere i kommunane og fylket. Òg andre typar frivillige organisasjonar og foreiningar som driv aktivt arbeid blant eldre, som til dømes lokallag av landsomfattande frivillige organisasjonar og foreiningar, bør få høve til å foreslå medlemmer.

2.3. Krav til samansetjinga

§ 2 andre ledd og § 6 andre ledd

For å sikre medverknad for dei eldre, skal fleirtalet av medlemmane vere alderspensjonistar. Det politiske styrkeforholdet i kommunen/fylkeskommunen skal ikkje vere avgjerande for samansetjinga. Retten til å krevje høvetalsval gjeld derfor ikkje.

Med alderspensjonist meinast normalt ein person som mottek alderspensjon. Det er ikkje eit krav om at ein må ha alderspensjon frå folketrygdlova. Det vil seie at man òg blir rekna for å vere alderspensjonist om man har gått av med alderspensjon før fylte 67 år. Personar som ikkje har rett til alderspensjon, reknast for å vere alderspensjonist når dei har fylt 67 år.

2.4. Val av leiar og nestleiar

§ 2 tredje ledd og § 6 tredje ledd

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Desse skal veljast blant alderspensjonistane.

3. OPPGÅVENE FOR ELDRERÅDET

§ 3. (Oppgåvene for kommunale eldreråd)

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

§ 7. (Oppgåvene for fylkeskommunale eldreråd)

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen.

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før fylkestinget handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.

Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei fylkeskommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

3.1. Rådgjevande organ

§ 3 første ledd og § 7 første ledd

Eldrerådet skal vere eit rådgjevande organ for kommunen/fylkeskommunen, og skal kunne uttale seg om alle forslag som gjeld levekåra for eldre i kommunen/ fylkeskommunen.

Nokre kommunar har ønskt å sikre brukarmedverknad i plan- eller gjennomføringsprosessar ved at representantar for dei ulike brukargruppene, til dømes dei eldre, sit i prosjekt-, plan-, referansegrupper og liknande. Her kan deltaking frå eldrerådet vere aktuelt. Men slike ordningar er ikkje pålagt etter lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd.

3.2. Sakene skal leggjast fram i god tid

§ 3 andre ledd og § 7 andre ledd

Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret/ fylkestinget skal behandle dei. Det same vil gjelde for saksdokument der eit anna folkevalt organ har kompetanse til å avgjere sakene.

For å sikre eldre større innverknad i saker som vedkjem dei, er det viktig at kommunane/fylkeskommunane legg sakene fram for eldrerådet på eit tidspunkt i sakshandsaminga der rådet har høve til å påverke sakene. Det følgjer av dette at kommunen/fylkeskommunen må rekne med saksførebuing og sakshandsaming i eldrerådet når den skal fastsetje tidspunkt for når saker skal handsamast i kommunestyret/fylkestinget.

I dei tilfella der saker skal førebuast av faste utval, komunedelsutval og komitear før dei skal handsamast av kommunestyret/fylkestinget, kan det vere ønskeleg at eldrerådet får saksdokumenta til handsaming før dei førebuande organa handsamar sakene. Dette vil sikre at eldrerådet får reell innverknad ved at rådet kan kome med innspel tidleg i saksprosessen.

Sjølv i saker der det er lita tid, skal sakene som hovudregel leggjast fram for rådet. I hastesaker der kommunen følgjer regelen i kommunelova § 13, har kommunen/fylkeskommunen ikkje plikt til å leggje saka fram for eldrerådet.

3.3. Saker som skal leggjast fram for rådet

§ 3 tredje og fjerde ledd og § 7 tredje og fjerde ledd

Kommunestyret /fylkestinget har ei plikt til å leggje alle saker som gjeld levekåra for eldre fram for eldrerådet. Rådet kan òg sjølv ta opp andre saker som vedkjem eldre i kommunen/fylket, men lova gir ikkje eldrerådet høve til å krevje at kommunestyret/fylkestinget handsamar sakene vidare.

Hovudføremålet med lova er at eldrerådet skal behandle ymse overordna planar og vedtak. Eldrerådet er ikkje tiltenkt å skulle behandle saker som gjeld einskildpersonar. Dette vil rådet ofte heller ikkje ha høve til etter anna lovgjeving. Døme på sakstypar som skal leggjast fram for rådet er årsbudsjett, langtidsbudsjett og kommune- og fylkesplanar, tiltak og planar i helse- og sosialsektoren, bustadprogram, reguleringsplanar, samferdselsaker, kommunikasjonsplanar og kulturelle tiltak.

Kommunen og fylkeskommunen bør på egna måte trekkje inn eldrerådet i arbeidet med kommunal og fylkeskommunal planlegging etter plan- og bygningslova. Kommunen/fylkeskommunen bør vurdere korleis dette best kan gjerast dette når dei organiserer kommunalplanarbeidet etter § 20-2 og fylkesplanarbeidet etter § 19-3. Eldreråd har elles inga samarbeidsplikt med kommunen etter § 9-3 slik ein del andre organ kan ha. Tilsvarande har fylkeskommunale råd inga slik plikt etter § 12-3.

3.4. Møtebok

§ 3 fjerde ledd og § 7 femte ledd

Det skal førast møtebok over saker som er behandla av rådet. Møteboka skal innehalde dei same opplysningane som møtebøker frå andre kommunale eller fylkeskommunale organ. Ei utskrift frå møteboka skal følgje med saka til det organ som avgjer saka.

4. ANDRE FØRESEGNER

§ 4. (Andre føresegner for kommunale eldreråd)

Kommunen skal skipa høveleg sekretariathjelp for rådet.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunestyret skipar sekretariat, vedtek budsjett for rådet, og gjev utfyllande reglar for saksførehavinga i rådet.

Reglane i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner gjeld tilsvarande for verksemda i eldrerådet så langt ikkje anna går fram av denne lova.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

§ 8. (Andre føresegner for fylkeskommunale eldreråd)

Fylket skal skipa høveleg sekretariathjelp for rådet.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før fylkestinget skipar sekretariat, vedtek budsjett for rådet, og gjev utfyllande reglar for saksførehavinga i rådet.

Reglane i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner gjeld tilsvarande for verksemda i rådet så langt ikkje anna går fram av denne lova.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for fylkestinget.

4.1. Sekretariathjelp og budsjett

§ 4 første og andre ledd og § 8 første og andre ledd

Kommunane/fylkeskommunane har etter lova plikt til å leggje tilhøva praktisk til rette for at eldreråda skal kunne kome med tilråding før det blir teke viktige avgjerder som vedkjem dei eldre i kommunen/fylkeskommunen. Det følgjer av dette at kommunen/fylkeskommunen skal syte for sekretariathjelp av eit slikt omfang at eldrerådet kan gjennomføra dei oppgåvene lova legg til dei. Det er i forarbeida til lova rekna med at arbeidet vil vere av eit omfang som vil krevje ein tredels stilling.

Verksemda til eldrerådet gjeld alle sektorane i kommunen/fylkeskommunen. Det er derfor ønskeleg at det blir teke omsyn til dette ved plasseringa av sekretariatet. Sekretariatet er ein del av den samla kommunale/fylkeskommunale administrasjon og er underlagt administrasjonssjefen innanfor dei rammer kommunestyret/fylkestinget fastset, jf. kommunelova § 23 nr. 1.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunestyret/fylkestinget avgjer organiseringa av sekretariatet. Det gjeld både kor sekretariatet skal leggjast, kva for arbeidsoppgåver det skal ha og kor stor stillingsprosent det skal ha.

Det er ein føresetnad etter lova at kommunestyret/fylkestinget skal løyve dei naudsynte midla til å dekkje drifta i rådet. Dette skal omfatte midlar til sekretariatsfunksjonen, arbeidsgodtgjersle (jf. kommunelova § 42) og dekkje naudsynte utgifter til skyss, kost og

overnatting etter dei satsar kommunen har vedteke, jf. kommunelova § 41. Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunestyret/fylkestinget fattar endeleg vedtak om kommunebudsjettet.

Innan dei rammene kommunelova og budsjett- og rekneskapsforskriftene set, har kommunestyret/fylkestinget høve til å delegera budsjettmyndigheit til eldrerådet. Det kan skje ved at eldrerådet får ei rammeløyving å halde seg til eller ved ordinær delegasjon gjennom fullmakt.

Eldrerådet har og rett til å uttale seg før kommunestyret/fylkestinget fastset utfyllande reglar for sakshandsaminga i rådet.

4.2. Aktuelle reglar i kommunelova

§4 tredje ledd, §8 tredje ledd

Så langt ikkje anna går fram av lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, gjeld reglane i kommunelova tilsvarande for verksemda i eldrerådet. Særlig viktig for verksemda i eldreråde er reglane i kommunelova kap 6 om sakshandsamingsreglar i folkevalde organ og reglane i kap 7 om rettar og plikter for dei folkevalde.

4.3. Årsmelding

§ 4 fjerde ledd og § 8 fjerde ledd

Eldrerådet skal laga ei årsmelding, som skal leggjast fram for kommunestyret/ fylkestinget. Kommunestyret/fylkestinget bør behandle årsmeldinga som ei eiga sak.

5. FELLES RÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

§ 4 a (Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)

Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Elles gjeld reglane i denne lova og lov av om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

§ 8 a (Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)

Fylkeskommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinga vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av fylkestinga. Elles gjeld reglane i denne lova og lov av om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

§§ 4a og 8a

Kommunen og/ eller fylkeskommunen kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Skal ei representasjonsordning fungere godt, må ho ha legitimitet. Dersom menneske med nedsett funksjonsevne og eldre ikkje opplever å ha sterke nok felles interesser og dermed ikkje vil medverke til eit felles råd, så vil ikkje eit felles råd oppfylle formålet med lova. Departementet ser det som avgjerande for ordninga at både organisasjonane, etablerte frivillige råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråda vert høyrde før kommunen/fylkeskommunen tek stilling til kva for representasjonsordning dei skal ha.

Saksområdet for eit eventuelt felles råd vil være saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne og alle saker som gjeld levekåra for eldre. Departementet viser til rundskriv A-28/07 for omtale av saksområdet for råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Departementet meiner at felles råd berre bør veljast i særskilde høve.

Kommunestyret og fylkestinget vedtek samansetninga av rådet, og fastset sjølv talet på representantar. Departementet rår til at aktuelle organisasjonar i kommunen/fylket får høve til å uttale seg når talet på rådsmedlemmer skal fastsetjast. Det er ein føresetnad i kommunelova § 10 nr. 3 at det og skal veljast varamedlemmer til rådet. Leiaren og nestleiaren for felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal oppnemnast av kommunestyret/fylkestinget.

Reglane om forholdstalsval i kommunelova gjeld ikkje ved val av felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Etter § 36 nr. 2 i kommunelova skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent dersom det er fleire enn fire medlemmer.

Oppnemninga av medlemmer skal gjelde for valperioden. Medlem av rådet kan søkje om fritak frå vervet før funksjonstida er ute når vedkommande ikkje *“uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet”*, jf. kommunelova § 15 nr. 2. Dårleg eller svak helse er eit døme på kva som kan vere fritaksgrunn.

6. ANDRE RELEVANTE SAKSHANDSAMINGSREGLAR

6.1. Opent rådsmøte

Dersom ikkje anna følgjer av teieplikt fastsett i lov eller vedtak etter kommunelova § 31, skal møta i eldrerådet vere opne for alle. Møta må kunngjerast slik at dei som er interesserte kan få kjennskap til tid, stad og dagsordenen, jf. kommunelova § 32.

6.2. Forvaltningslova

Det visast til at rådet ikkje skal handsame einskildsaker som gjeld personar. Av reglane i forvaltningslova vil det særleg vere fråsegnene i kap. 2 om ugilde som er aktuelle for medlemma av rådet/representasjonsordninga ved handsaming av saker, med dei særreglane som følgjer av § 40 punkt 3 i kommunelova.

6.3. Offentleglova

Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) skal etter planen tre i kraft 1. januar 2008. Formålet med lova er mellom anna å leggje til rette for at offentlig verksemd er open og gjennomiktig. Lova regulerer retten til innsyn. Inntil denne lova trer i kraft, gjeld lov om offentlighet i forvaltningen (offentlighetsloven).

6.4. Plan- og bygningslova

Kommunen og fylkeskommunen bør på eigna måte trekkje inn rådet i arbeidet med kommunal og fylkeskommunal planlegging etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 16-1 *Samråd, offentlighet og informasjon* der det bl.a. står at "*Berørte enkeltpersoner og grupper skal gis anledning til å delta aktivt i planprosessen*". Kommunen/fylkeskommunen bør vurdere korleis dette best kan gjerast når dei organiserer kommuneplanarbeidet etter § 20-2 og fylkesplanarbeidet etter §19-3.

Med helsing

Ulf Pedersen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Øystein Haram
avdelingsdirektør



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no